



Årsrapport 2025

Stord kyrkjelege fellestråd



DEN NORSKE KYRKJA
Stord kyrkjelege fellestråd

ÅRSRAPPORT 2025

Stord kyrkjelege fellesråd

Rammeområde: **Den norske kyrkja**
Delrammeområde: **Stord kyrkjelege fellesråd**
Dagleg ansvar: **Kyrkjeverja**
Målgruppe: **Innbyggjarane i Stord**

Medlemer i fellesrådet : Dag Sele, leiar (Stord)
Heine Kaldefoss, nestleiar, (Nysæter)
Knut Gram, (Stord)
Tormod Stautland, (Nysæter)
Tom Knudsen, kommunal representant
Jørgen Knudsen, geisteleg representant

AU: Leiar, nestleiar og geisteleg representant..

Guro Betten, 1. varamedlem, (Nysæter)
Leif Steinar Alvsvåg, 1. varamedlem. (Stord)
Ida Elin Hatlevik Tvedt, 2. varamedlem (Nysæter)
Sigrid Beate Tveit Eskeland, 2. varamedlem (Stord)
Nancy Aasheim, varamedlem, kommunal representant
Fridleif Lydersen, varamedlem, geistleg representant t.o.m. 01.10.2025.

Kyrkjeverje Liv Kari Bru, sakshandsamar/skrivar for fellesrådet og AU

HOVUDMÅLSETJING:

- Ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna.
- Utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i Stord.
- Sikra samanheng mellom mål/planar og økonomiske ressursar.
- Fremja samarbeid mellom sokneråda
- Ta vare på sokna sine interesser i høve til kommunen.
- Forvalta gravplassar og bygg med orden og vyrdnad og i samsvar med gjeldande lover og føresegner.
- Ivareta tilsette i Stord kyrkjelege fellesråd.

VERKSEMD / OMRÅDE (Jfr. Trussamfunnslova kapittel 3 og Gravferdslova § 3)

Kyrkjeadministrasjon, økonomi-, personal- og planarbeid, kyrkjebygg og gravplassar i Stord og Nysæter sokn.

RESULTATMÅL FOR ÅR 2025

1. Kyrkjebygg og gravplassar skal vera ei verdig ramme kring kyrkjelege handlingar og annan aktivitet som kjem inn under kyrkja si verksemd. Dei skal ha ein praktisk funksjon og bli forvalta på ein forsvarleg og tenleg måte.
2. Gode rammevilkår for kyrkja. Det skal vera samsvar mellom ressursar som økonomi, utstyr, personale og dei oppgåver som kyrkja skal løysa ut frå lovverket og lokale mål og forventningar.
3. Utvikla godt samhald og samarbeid både internt i kyrkjeorganisasjonen i Stord, mellom kyrkja i Stord og kommunen, staten, andre kyrkjelege fellelråd samt frivillige organisasjonar og einskildpersonar.

I 2025 hadde Stord kyrkjelege fellelråd 6 (7) møte og handsama i alt 44 (50) saker. Møtebok frå samtlige møter er å finna på www.stordkyrkja.no

Kjønnsdeling i fellelrådet

Jfr. Trussamfunnslova § 7 og Likestillings- og diskrimineringslova § 26 a.

Fellelrådet er sett saman av to representantar frå kvart sokneråd. Desse vert oppnemnte av sine respektive sokneråd. I tillegg kjem ein representant frå kommunestyret, valgt av kommunestyret samt ein geisteleg representant (prest, oppnemnt av Bjørgvin biskop).

I inneverande periode (2023-2027) er alle dei faste representantane i fellelrådet menn.

Fellelrådet som arbeidsgjevar styrer og arbeider etter det lovverket som er forvalta av Den norske kyrkja.

Kyrkjer og gravplassar

STATISTIKK

Kyrkja i Stord driv ei stor verksemd som på ulike måtar har alle Stord sine ca. 19 300 (pr. des. 2024) innbyggjarar som målgruppe. Kyrkjene har vore i bruk til dei aktivitetane som kyrkjelyden, biskopen og sokneråda har ynskt.

Tekst	Tal Stord	Tal Nysæter	Sum
Gudst. og arr. med gudstenesteleg karakter	79 (83)	55 (55)	134 (138)
Besøktal på gudstenestene ovanfor	14 493 (13 486)	4 591 (5 036)	19 5084 (18 522)
Kyrkjelege gravferder	100 (95)	31 (23)	131 (118)
Vigde	29 (20)	1 (2)	30 (22)
Konfirmentar	119 (137)	37 (34)	156 (171)

Tal i parentes gjeld 2024. Komplette kyrkjeleg årsstatistikk 2025 er utarbeidd og sendt til Statistisk Sentralbyrå. Statistikken er også tilgjengeleg på Stord kyrkjekontor.

Talet på gravlagde på gravplassane + utlevert til oskespreiing i Stord kommune:

Stord

År	Kiste	Urne	Totalt
2025	58	49 + 1 (oskespreiing)	108
2024	68	42 + 1 (oskespreiing)	111
2023	79	49 + 1 (oskespreiing)	129
2022	73	43 + 3 (oskespreiing)	119

Nysæter

År	Kiste	Urne	Totalt
2025	25	8	32
2024	14	11 + 1 (oskespreiing)	26
2023	12	5 + 1 (oskespreiing)	18
2022	12	2	14

Det finst egne årsrapportar for kyrkjelydsarbeidet både frå Stord sokneråd og Nysæter sokneråd.

Sokneråda sine årsrapportar kan ein få på kyrkjekontoret.

Den offisielle kyrkjelege årsstatistikken for Stord prestegjeld ligg føre f.o.m. 15. februar kvart år.

DEN DAGLEGE DRIFTA

Stord kyrkje.

Det har vore ein del arbeid knytta til det elektriske anlegget i Stord kyrkje. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2025 med fokus på oppvarming.

Andre utfordringar har vore (er) nokre av ytterdørene, t.d prestesakristiet. Døra trutnar når det er fuktig ver.

Vidare rehabilitering Stord Kyrkje.

Den utvendige rehabiliteringa vart avslutta i 2010 utan fullgodt resultat. Trongen for å ta opp att dette arbeidet viser seg stadig tydelegare. Det er fuktinntrenging, særleg rundt vindauga på sørsida. Me har fått utarbeidd ein grundig tilstandsrapport (AKASIA) som avdekkar trong for store vedlikehaldsoppgåver. Den totale kostnaden ved renovering av yttervegger, vindaugo og takrenner vart i 2020 anslått til ca 20 mill. Med ei første prioritering (sørsida) på ca 6, 5 mill. Stord kommune har lova pengar til dette prosjektet, fordelt over fleire år. Arbeidet med å finansiering og gjennomføring skulle vore starta i 2021.

Det har vore jobba mykje med å engasjera prosjektleiar, både eksternt og i Stord kommune, utan å lukkast. Pga. mangel på prosjektleiar vart ikkje arbeidet starta opp i 2025 heller. Imidlertid er det god grunn til å tru at prosjektleiar vil vera på plass siste halvår 2026.

Nysæter kyrkje

I Nysæter har behovet for betre belysning stått på programmet lenge. Vinteren 2025 vart det sett i gong forarbeid i forhold til utskifting av all belysning i hovedetasjen i Nysæter kyrkje. Dette arbeidet skal slutførast i 2026.

Gravplassane

Det er grunn til å tru at antal gravferder vil auka i åra som ligg framom, ikkje minst med tanke på at den eldste gruppa i Stord kommune er aukande.

I Stord sokn reknar me med at Frugarden byggetrinn I, i beste fall vil dekkja behovet for kistegraver ut 2026.

Det er urovekkande at Stord kommune ikkje kom i gong med Frugarden byggetrinn II i 2025 heller.

I Nysæter er behovet for kistegraver dekkja for mange år framover.

Både Stord og Nysæter har rikeleg tilgang på urnegraver. Antal urnenedsetjingar på minnelundane på Frugarden og Nysæter er aukande. I 2025 var 47 % av alle gravferder, kremasjon.

Kyrkjelydshus, Stord sokn

Våren 2019 fekk Stord sokn/Stord kyrkjelege fellesråd tilbod frå kyrkjelyden Ebeneser om å kjøpa Fredheim, Fredheim, Gnr 27: Bnr 70 i Hystadvegen.

Det vart stifta ein eigen organisasjon, Kyrkjestova Fredheim. Denne organisasjonen fekk tilbod om eit privat lån som gjorde det mogleg å kjøpa Fredheim på seinsommaren i 2019. I 2021 var dette lånet innfridd og Kyrkjestova fekk innvilga lån av Stord kyrkjelege fellesråd.

Forholdet mellom Stord sokn/Stord kyrkjelege fellesråd og Kyrkjestova Fredheim er regulert i eigen avtale.

Me viser til Kyrkjestova Fredheim sin eigen presentasjonsbrosjyre og årsmelding.

Styreleiar for Kyrkjestova Fredheim er Dag Sele.

Arbeidsgruppa for nytt kyrkjelydshus i Stord sokn (oppnemnt av Stord kyrkjelege fellesråd) har også dette året hatt stort fokus på aktuell tomt til nytt kyrkjelydshus. I samband med reguleringsplanen for Frugarden-området har det blitt spelt inn ynskje om å få avsett tomt til kyrkjelydshus i dette området, så nær Stord kyrkje som mogleg. Ved utgangen av 2025 var tomt til kyrkjelydshus uavklart.

Overgang til Kirkepartner som IKT-leverandør

Stord kyrkjelege fellesråd vedtok på møte 2. april å inngå avtale med Kirkepartner som IKT-leverandør. Me trong ei heilskapleg og meir robust IKT-løysing. Kirkepartner er den IKT-leverandøren som er prioritert frå Kirkerådet og KA si side. Målet frå sentralt hald er at alle fellesråd i landet skal bruka Kirkepartner. Alle tilsette i Stord kyrkjelege fellesråd tok i bruk den nye løysinga frå 02.06.2025.

Personal / Organisasjon

Tilsette pr. 31.12.2025	Personar 2025	Årsverk 2025	Personar 2024	Årsverk 2024	Personar 2023	Årsverk 2023
Fast tilsett	15	10,91	16	11,37	18	13,57
Mellombels tilsett	2	1,5	0	0	0	0
Vakant stilling	2	1,2	3	2,6	0	0
Prestar (ikkje tilsette i fellesrådet)	4*	3,2*	4*	3,2*	4*	3,5*
Permisjon	1 (i 5 mnd)	1 (i 5 mnd)	1 (i 5 mnd)	1 (i 5 mnd)	1 (i 5 mnd)	1 (i 5 mnd)

* To sokneprestar + ein ungdomsprest + tenester frå andre etter behov.

- I tillegg til årsverk kjem **vikarar** for kontorar, kyrkjetenar og gravplassarbeidarar = ca eitt årsverk.
- **Uløna medarbeidarar** utgjør mellom 120 og 150 personar (mellom anna innan diakoni, undervisning og kyrkjelydsarbeid).
- **Jan Overweg** sa opp stillinga si i april 2025. **Randi Andersen** overtok som IKT-leiar frå same tidspunkt.
- **Ingrid Førland** vart tilsett i eit vikariat i administrasjonen med ansvar for rekneskapsoppgåver, frå 1.august 2025.
- Kyrkjelydspedagog **Elisabeth Søndena Oma** gjekk ut i svangerskapspermisjon 1.april 2025. Det lukkast ikkje å få tilsett vikar for henne.

Sjukefråver

2021	2022	2023	2024	2025
5,19 %	11,7 %	13,62	8,81	7,89

2025 var prega av ei langtidssjukemelding. Dei andre sjukemeldingane var kortvarige.

Økonomi /budsjett

Rekneskapan syner eit overskot for 2025 på kr. 1 803 003,36

Dette overskotet vert fordelt på følgjande fond:

- Ubunde driftsfond kr 984 902,27,-
- Bunde fond for kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) kr. 818 101,09,-

Stord kyrkjelege fellesråd har pr. 31.12.2025 eit ubunde driftsfond på kr. 2 026 030,-

Dette fondet utgjør ca 10% av driftsbudsjettet, noko som er i tråd med råd frå m.a. KA. Dette er fellesrådet svært tilfreds med.

Mottekne prosjektmidlar frå BDR til KUL var i 2025 kr. 1 549 417,- .

Summen skal dekkja lønsutgifter til 1,4 stillingar + driftsutgifter til trusopplæring.

Pga vakanse i stillingar er det grunn til å tru at KUL-tilskotet vil bli kraftig redusert i 2026 pga mindre forbruk av KUL-midlar i 2024 og 2025. Ved utgangen av 2025 var fondet merka «KUL» på kr. 1 405 226,09,-.

Det positive driftsresultatet skuldast i stor grad det langtidssjukemeldingar (sjukepengerefusjonar) utan at det vart sett inn vikar heile perioden) samt vakanse i stillingar innan trusopplæring og diakoni.

Stord kyrkjelege fellesråd ser med bekymring på at vakanse i stillingar har ført til eit stort underforbruk og uløyste oppgåver (t.d. tiltak innan kyrkjeleg undervisning og læring, diakonale tiltak for ulike aldersgrupper, oppfølging av ulike prosjekt mm.), og ynskjer å ha eit fortsatt fokus på bemanninga framover. Fellesrådet forventar full bemanning og full drift i løpet av 2026.

Løn og sosiale utgifter er den største kostnaden og utgjorde i 2025 kr. 11 065 183,- (2024 kr. 10 794 744,-)

Bispedømerådet gjev lønstilskot til kateket /kyrkjelydspedagog (ca. 85 %), soknediakon (nesten 50% av 100 % stilling) og kjøp av sekretærenester for prosten (25 %). Sistnemnde blir avvika f.o.m. 1. januar 2026

I tillegg vert noko mindre enn 40 % av løn til eine gravplassarbeidarstillinga refundert frå NAV.

Stord kommune har i fleire år hatt ei ordning der meirkostnadane med kremasjon vert refundert av kommunen. Årleg sum avsett til formålet har heilt sidan oppstarten i 2011 vore 90.000 i det kommunale budsjettet.

Gjennom denne ordninga var kostnadane dei første åra like høge enten pårørande valgte kremasjon eller kistegravferd. Slik er det diverre ikkje lenger. Antal kremasjonar aukar år for år. 90 000 må såleis delast på fleire.

I 2025 vart kvar kremasjon subsidiert med kr. 1.200,- Dette dekkjer ca. 20% av av meirkostnadane med kremasjon samanlikna med kistegravferd. I 2025 vart det sett ned 58 urner på gravplassane i Stord kommune. (55 i 2024)

Stord kyrkjelege fellesråd viser elles til driftsrekneskap 2025 og investeringsrekneskap 2025.

Utfordringar og utvikling

KONKRETE OPPGÅVER / UTFORDRINGAR FRAMOVER.

- Rehabilitering Stord kyrkje, ute og inne. Finansiering og gjennomføring. Søknad om midlar frå Kyrkjebevaringsfondet.
- Fullføring av byggetrinn II, Frugarden gravplass. Gravplassbygging er Stord kommune sitt ansvar.
- Større rammetilskot frå kommunen
 - øyremerka utviding av antal årsverk på gravplassane i tråd med auka gravplassareal samt midlar til fornying og utviding av maskinparken.
 - det er behov for eit tilskot til drifta av kyrkja på Stord i forhold til auka aktivitet, og relatert til det som benchmarking-rapporten viser.
- Samarbeid mellom fleire kyrkjelege fellesråd i regionen
- Vidare utvikling av rehabiliteringsprogrammet for Stord kyrkje. Finansiering og gjennomføring
- Tilsetja medarbeidarar i alle vakante stillingar. Det er si særskild utfordring å rekruttera til kyrkjelydspedagogstillingane og diakoni.
- Få på plass ein administrasjonsstruktur- og rutinar som fører til meir stabilitet, også ved langtidssjukemeldingar.
- Kyrkjelydshus og toalett ved Stord kyrkje. Finansiering og bygging.
- Fleire frivillige medarbeidarar til ulike oppgåver i kyrkjelydane våre, gjerne i samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet..


Til slutt....

Stord kyrkjelege fellesråd er oppteken av å sikra gode rammevilkår for kyrkja si verksemd i Stord.

Fellesrådet prioriterer framleis eit nært og godt samarbeid med Stord kommune, mellom anna gjennom tenesteyting / tenestekjøp.

Fellesrådet vil hjelpa til og leggja til rette for (ref. Kyrkjelova §14) at sokneråda kan nå dei måla som er sett for arbeidet (ref. Kyrkjelova §9). Dette søkjer fellesrådet å oppnå ved å tileigna seg kompetanse og økonomisk handlefridom i kyrkjeorganisasjonen, og ved tiltak som skaper "aktivt engasjement og stadig fornying" (Kyrkjelova §1) i kyrkja i Stord.

Fellesrådet ynskjer å styrkja og vidareutvikla kyrkja i Stord som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon, samhald og felles fokus gjennom å ta vare på medarbeidarar og gje høve til utvikling og vekst, både fagleg og personleg.



Stord, 11.juni 2026
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar i Stord kyrkjelege fellesråd

Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar